



| | | | | | |
|-------------|---|----------|--|----------|-------|
| REFERAT FRÅ | Dialogmøte Trafikkplan Nordhordland | | | | |
| MØTELEIAR | | | | | |
| REFERENT | Stine Karoline Olsen, Skyss | | | | |
| MØTEDATO | 06.07.2016 | TID | | MØTESTAD | Skyss |
| REF. DATO | | ARKIVSAK | | ARKIVNR | |
| DELTAKARAR | Frå Radøy kommune - Jon Askeland (ordførar) og Jarle Landås (rådmann) Frå Skyss - Eivind Draugsvoll, Vigdis Bjørge, Stine Karoline Olsen | | | | |
| FRÅVÆR | | | | | |
| KOPI TIL | | | | | |

Dialogmøte om innspel til trafikkplan Nordhordland

Agenda:

- Kort innleiing om bakgrunn og rammer for trafikkplan Nordhordland v/Skyss
- Presentasjon av innspel v/kommunen
- Felles drøfting
- Oppsummering

Innleiing ved Skyss:

Vigdis Bjørge innleia kort om bakgrunn og rammer for trafikkplan Nordhordland:

- Kollektivstrategi for Hordaland og Handlingsprogram 2016-2019 gir overordna føringar for utvikling av kollektivtilbodet i fylket. Dokumenta ligg på www.skyss.no/rapportar.
- Trafikkplanen Nordhordland skal danne grunnlag for spesifikasjon av rutetilbodet i nytt bussanbod for regionen. Nytt anbod skal lysast ut mars 2017. Trafikkplanen skal leggast fram til politisk handsaming før utlysing.
- Trafikkplanen legg til grunn dagens produksjon som økonomisk ramme for nytt anbod. Endringar i rutetilbodet må difor basere seg på omprioriteringar innanfor di gitte rammene.
- Skyss vil legge fram framlegg til trafikkplan Nordhordland i regionrådet til hausten.

Innspel frå Radøy kommune:

Saka har vore oppe i formannskapet i kommunen i forkant. Radøy kommune presenterte sine innspel i møtet, desse vart gjennomgått og drøfta. Radøy kommune har i etterkant av møte sendt over ein revidert versjon av sine innspel. Desse vil inngå som del av oppsummeringa frå møtet.



Generelt

- Skuleskyss og arbeidsruter har høgst prioritet for kommunen.

Lokalt busstilbod

- Kommunen opplever at det er eit godt kollektivtilbod sørover frå Manger, men ikkje nordover.
- Det er ønskjeleg å få greidd ut om Austrheim kan bli nordleg knutepunkt, men det er viktig at dette ikkje svekker dagens tilbod for Radøy.
- Det er ønskjeleg med kveldsavgangar frå Manger til Bøvågen – Sletta, som korresponderer med slutt-tida på ungdomsklubben (samarbeid mellom Radøy og Austrheim kommune). Skyss opplyste at det kan vere aktuelt å omfordele avgangar innanfor dagens produksjon på kveld for å leggje til rette for dette.

Tilbod Radøy-Bergen og Radøy-Knarvik

- Den viktigaste faktoren for pendlarane er reisetid (OBS: det er ikkje pendlar-lag i Radøy, så kommunen har ikkje kunne henta innspel her).
- Det er ønskjeleg med ekspressruter frå Knarvik-Bergen, utan stopp i Åsane.
- Eldrerådet har gjeve innspel om at dei ønskjer seine bussar tur/retur Knarvik.

Båttilbod

- Radøy kommune meiner at matebuss til båten kan vere eit godt tilbod – dei reknar med at fleire vil parkere bilen på Alver og ta matebuss vidare.
- Det er viktig at billetten som kombinerer buss og båt ikkje er for dyr.

Utbyggingsplanar i kommunen

- Det er planlagt ein del utbygging på Sæbø.

Skuleskyss

- Det er ønskjeleg med betre tilrettelegging av skuleskyssen tur/retur Radøy - Austrheim VGS
- Kommunen gir uttrykk for at dei kan sjå på koordinering av skuletider dersom det er behov for det.